

Haddal 07.03.2022

## Haddal rendahuslag

### Innspel til skuledebatten i Ulstein.

Dette innlegget vert skrive på vegne av styret for  
rendahuset. Vi er svært uroa over planane om å legge ned  
Haddal skule og dermed også ramme drifta av rendahuset.

Vi er heilt avhengige av at kommunen stiller opp med vidare  
drift av bygget dersom skulen skulle verte lagd ned.

Bygda har eit aktivt korps og idrettslag ,dansekubb og sanitet  
m.m. pluss at huset vert brukt til bryllaup og konfirmasjonar,  
basarar og konsertar ,åremåldagar og barnedåpar m.m

Bygda og Grendahuset har ikkje moglegheit til å drifta eit så  
stort og kompleks bygg. Det vil seie at ved ei nedlegging  
slepp ikkje kommunen unna utgiftene til drift og vedlikehald.

Vi reknar med at kommunen også i framtida vil tilby  
treningslokale til korps og idrettslag på lik linje med tilbodet i  
andre krinsar.

Når det gjeld Haddal musikkorps må ein også take med  
farene for at det kan miste rekrutteringa og på sikt verte  
nedlagt dersom elevane vert spreidde på fleire skular.Dette  
er ein svært alvorlig konsekvens for oppvekstmiljøet i  
kommunen som på takast på høgste alvor.

Samme problemet kan det verte for idrettslaget dersom elevane blir spreidde på fleire skular. Trur det kan verte vanskeleg å halde på ungane dersom dei ikkje har det fellesskapet som dei har på Haddal skule.

Haddalbygda og kulturlivet er heilt avhengige av at kommunen opprettheld drift og vedlikhald av Haddal skule og grendahus, dersom konklusjonen skulle verte nedlegging. Dermed vil kommunen og miste mykje av innsparingspotensialet som det vert vist til i rapporten

Nedlegging vil også gi ei svært usikker framtid for rekruttering og drift av korpsset og idrettslaget.

Når det gjeld det skulefaglege reknar eg med andre vil kommentere den sida av saka.

Haddal grendahuslag

Terje Haddal